



Therese Skjønhaug Bakke
HEIANE 3
5919 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6590 - 22/3333

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
17.02.2022

Oppmoding om fjerning av avfall - gbnr 327/177

Tiltak: forsøpling
Stad: Gbnr 327/177
Adresse: Heiane 3

Alver kommune har registrert ulovleg lagring av trykkimpregnert trevirke, gamle isolerglas vindauge og anna avfall på eigedomen din med adresse Heiane 3 og parkeringsplassen nedanfor .

Kommunen varslar med dette at vi vurderer å påleggje dykk som eigar av avfallet å rydde opp på eigedomen, gbnr 327/177. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28.

Grunngjeving for oppmoding om opprydding

Kommunen reknar impregnert trevirke og isolerglas vindauge som avfall i forhold til forureiningslova § 27, 1. ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn du har til å oppbevare dette på eigedomen.

Impregnert trevirke produsert før 2002 inneheldt i tillegg tungmetall som kopar, krom og arsen og vert klassifisert som farleg avfall, jf avfallsforskrifta § 11.

Gamle isolerglas vindauge vert også klassifisert som farleg avfall dersom desse er produsert før 1990. Lim og tettingslister kan innehalde miljøgifter som PCB eller klorparafin.

Både impregnert trevirke og isolerglas vindauge skal leverast godkjent avfallsmottak.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet».

Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Trykkimpregnert trevirke og anna avfall frå din eigedom blir lagra på ein måte som inneber brot på forsøplings- og forureiningsforbodet. Ein kvar gjenstand vil med tida brytast ned, og dei miljøskadelege stoffa vil bli tilført grunnen. I enkelte tilhøve vil dei skadelege stoffa bli verande på staden og difor berre ha miljøskadeleg effekt i eit avgrensa område. I andre tilfelle vil stoffa bli ført vidare i grunnvatn og vassdrag og følgjeleg ha verknad i eit større område.

Som rivningsavfall har gammalt impregnert trevirke og isolerglas vindauge mykje høgare potensial for utlekking av skadeleg stoff enn som nytt.

Som følge av det ovannemnde ber vi dykk om å rydde opp alt avfall frå din eigedom.

Isolerglas og impregnert trevirke er gratis å levere for privatpersonar på ein av NGIR sine gjenvinningsstasjonar.

Frist

Dokumentasjonen på opprydding må sendast kommunen **innan 01.04.2022**.

Dersom vi ikkje mottar dokumentasjon frå dykk innan fristen, vil vi vurdere å følgje opp saka med pålegg om opprydding med heimel i forureiningslova §37.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forurensingsloven § 48
- Definisjon av avfall følgjer av forurensingsloven § 27
- Definisjon av farleg avfall følgjer av avfallsforskrifta § 11.
- Forbod mot forsøpling følgjer av forurensingsloven § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forurensingsloven § 37 1.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Allan Østergaard Clarke	HEIANE 3	5919	Frekhaug
Therese Skjønhaug Bakke	HEIANE 3	5919	Frekhaug